



## Møteprotokoll for Plan- og kommunalteknisk utval

**Møtedato:** 24.01.2018  
**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl. 13.00 – kl.15.40

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Atle Solberg	H	Utvalsleiar
Annbjørge Bysheim Herland	KRF	Medlem
Øyvind Litland	AP	Nestleiar
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Lars Fjeldstad	SP	Medlem
Torunn Åsheim	AP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Kim Andre Hartveit	FRP	Torunn Åsheim
Sigmund Faugstad	FRP	For R.J.Tyssebotn i sak 007 og Ø. Litland i sak 016
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	Lars Fjeldstad
Turid Bjørndal Njåstad	SP	For Atle Solberg i sak 005

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Rådmannen og utvalssekretæren

### Sakliste

Saknr	Tittel
001/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/18	Godkjenning av møtebok
003/18	Referatsaker og meldingar
004/18	Delegerte saker
005/18	14/379 - Hatland - Fylkesmannen ber om ytterlegare opplysningar - gjeld vurdering av habilitet

- 006/18 31/5 - handsaming av klage frå Fylkesmannen i Hordaland på vedtak av 07.11.2017 saknr 311/17 om dispensasjon og frådelling av om lag 6 daa fulldyrka areal
- 007/18 129/111 - Hamre - Søkna om dispensasjon - utnyttingsgrad
- 008/18 gbnr 136/127- Søkna om dispensasjon i høve til tomteutnytting.
- 009/18 146/108 - Reigstad - Søkna om dispensasjon - mur
- 010/18 145/7 - Nordre Reigstad - Søkna om dispensasjon for arealoverføring - klage
- 011/18 145/7 Nordre Reigstad - Søkna om dispensasjon for arealoverføring
- 012/18 Byggesak GBNR 141/29 Burkeland - Søkna om dipensasjon oppføring av bustad med integrert garasje
- 013/18 4/1 og 4/2 - Hauge - Søkna om forlenga dispensasjon - utgraving av Gloppemyra for deponering av massar
- 014/18 78/4 Geitheim - Søkna om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad og oppretting av festetomt
- 015/18 Byggesak GBNR 60/24 - Vatile - Søkna om løyve til tiltak - dispensasjon for oppføring av mur
- 016/18 53/26 - Søkna om løyve til tiltak - Arkitektonisk utforming og visuelle kvalitetar ved utforming av ny einestad jf. pbl §§ 29-1 og 29-2
- 017/18 3. gongs handsaming - kommunedelplan for sjø og strandsone
- 018/18 Valestrand - Søkna om ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan for Rundhovde

## **001/18: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### **24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det vart varsla nokre spørsmål til slutten av møtet.

Utvalsleiar viste til sakene 013 og 016/18 og bad om ei orientering om kvifor desse er lagt fram til ny handsaming.

Rådmannen viste til krava til sakshandsaming etter plan- og bygningslova, og rådmannen sitt ansvar for å syta for forsvarleg saksutgreiing i h.t. lov- og forskriftskrav.

-----  
Det var elles ikkje merknader til innkalling og sakliste.

#### **PL - 001/18 VEDTAK:**

**"Innkalling og sakliste vert godkjent."**

-----

## **002/18: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå 29.11.17 vert godkjend.**

### **24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå møtet 29.11.2017.

#### **PL - 002/18 VEDTAK:**

**Møteprotokoll frå 29.11.17 vert godkjend.**

-----

**003/18: Referatsaker og meldingar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

"Referatsakene vert tekne til vitande."

**24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**PL - 003/18 VEDTAK:**

"Referatsakene vert tekne til vitande."

---

**004/18: Delegerte saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

**24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**PL - 004/18 VEDTAK:**

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

---

**005/18: 14/379 - Hatland - Fylkesmannen ber om ytterlegare opplysningar - gjeld vurdering av habilitet**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Plan- og kommunalteknisk utval sine vurderingar om Atle Solberg sin habilitet i møte den 27.09.2017 saksnr. 116/17 var: ....."

## 24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Atle Solberg, H, tok ikkje del i møtet ved handsaming av denne saka, jfr. utvalet si handsaming 29.11.17, sak 147/17 - Turid B. Njåstad, SP, møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Nestleiar Øyvind Litland, AP, overtok som møteleiar.

-----

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Utvalet erkjenner at det var ein feil å vurdere utvalsleiararen habil i handsaminga av denne saka. Vurderinga til mindretalet var tufta på forvaltningslova §6 bokstav b. Så lenge broren er ein part i ei sak, og vil ha fordeler eller ulemper med verknadene av eit vedtak, skulle Atle Solberg reist spørsmål med sin habilitet. Brørne arbeider trass alt i lag og har jamnleg kontakt. Fleirtalet sitt vedtak vart mellom anna tufta på at rådmannen vurderte Atle Solberg som habil. Dette skulle ikkje vore gjort, då det ikkje er rådmannen som skal vurdere habiliteten til medlemmene. Denne oppgåva er lagt til utvalet."

AVRØYSTING - habilitet

Oppretthalda vedtaket i sak 116/17 om at Atle Solberg, H,  
var gild i saka - 4 røyster (1AP,1SP,2KRF)  
Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg - 3 røyster (3FRP)

Øyvind Litland, AP, gjorde slikt framlegg: "Grunngjeving for å kjenna Atle Solberg gild: "Brev av 21.03.2011 gjeld privatrettslege tilhøve som kommunen ikkje har teke stilling til. PT-sak 116/17 gjeld søknad om utnytingsgrad på tomten. Utvalet kunne difor ikkje sjå at broren er part i denne saka, og utvalsleiar vart difor kjend gild i h.t. fvl. § 6, bokstav b. Utvalet vurderte heller ikkje at det låg føre ugildskap etter fvl. § 6, 2. ledd, då løysing for privat fellesveg ikkje var til handsaming/vurdering, og avgjerda i saka ikkje ville ha betydning for vegspørsmålet."

AVRØYSTING

Øyvind Litland sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster (1AP,1SP,2KRF) mot 3 røyster (3FRP)

### PL - 005/18 VEDTAK:

"Plan- og kommunalteknisk utval sine vurderingar om Atle Solberg sin habilitet i møte den 27.09.2017 saksnr. 116/17 var: Brev av 21.03.2011 gjeld privatrettslege tilhøve som kommunen ikkje har teke stilling til. PT-sak 116/17 gjeld søknad om utnytingsgrad på tomten. Utvalet kunne difor ikkje sjå at broren er part i denne saka, og utvalsleiar vart difor kjend gild i h.t. fvl. § 6, bokstav b. Utvalet vurderte heller ikkje at det låg føre ugildskap etter fvl. § 6, 2. ledd, då løysing for privat fellesveg ikkje var til handsaming/vurdering, og avgjerda i saka ikkje ville ha betydning for vegspørsmålet."

-----

**006/18: 31/5 - handsaming av klage frå Fylkesmannen i Hordaland på vedtak av 07.11.2017 saknr 311/17 om dispensasjon og frådelling av om lag 6 daa fulldyrka areal**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Pbl:**

"Kommunen tek Fylkesmannen i Hordaland sin klage datert 22/11/2017 til følgje og gjer om sitt vedtak av 07/11/2017 i sak 311/17.

Klagar sine ynskje om frådelling av eit større areal i høve til tidlegare vedtak 089/17 den 22/06/2017 vert ikkje teken til følgje, kommunen legg til grunn tidlegare vedtak av 22/06/17 saksnr. 089/17 om frådelling av tun med bygningar på eit areal på om lag 1,8 daa.

Vedtak:

**Plan og bygningslov:**

**Det vert med heimel i pbl § 19-2 gjeve dispensasjon for frådelling av tunet på gnr. 31, bnr 5 med attverande bygningar, våningshus, fjøs og lagerbygning, parsellen skal vere om lag 2 daa. Det vert sett krav om avtale for vatn og avlaup, denne skal tinglysast på nytt matrikelnummer ved matrikulering av ny tomt. Det vert med heimel i same lova § 20-1 – m gjeve løyve til frådelling av parsell på om lag 1,8 daa, j.f. vedlagd kart AR5. Vilkår i vedtak frå vegmynde datert 29/05/2017 skal gjennomførast.**

**24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Siren Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Med heimel i jordlova §§ 1 og 9 og § 12 samt visning til rundskriv M-1/2013, M-6/2003, M-4/2003, og M-35/95, blir det gjeve løyve til omdisponering og frådelling av inntil 6,0 dekar dyrka jord med våningshus, bygning for husdyr samt mindre landbuksbygning på landbrukseigedomen gnr. 31 bnr. 5 i Osterøy kommune som omsøkt. Løyvet er grunngeve med omsynet til vern av arealressursane og at delinga skal gje ei driftsmessig god løysing. Det blir sett vilkår om at landbrukseigedomen blir seld til gardsbruk i aktiv drift, jf. § 12 femte ledd.

Det vert og sett vilkår om at den fråskilde parsellen har gjerdeplikt mot avgjevar-eigedomen."

**AVRØYSTING**

**Alternativ avrøysting**

Rådmannen sitt framlegg	- 4 røyster (1H,1AP,2KRF)
Siren Tyssebotn sitt framlegg	- 3 røyster (3FRP)

**PL - 006/18 VEDTAK:**

**Pbl:**

"Kommunen tek Fylkesmannen i Hordaland sin klage datert 22/11/2017 til følgje og gjer om sitt

vedtak av 07/11/2017 i sak 311/17.

Klagar sine ynskje om frådelling av eit større areal i høve til tidlegare vedtak 089/17 den 22/06/2017 vert ikkje teken til følgje, kommunen legg til grunn tidlegare vedtak av 22/06/17 saksnr. 089/17 om frådelling av tun med bygningar på eit areal på om lag 1,8 daa.

Vedtak:

**Plan og bygningslov:**

**Det vert med heimel i pbl § 19-2 gjeve dispensasjon for frådelling av tunet på gnr. 31, bnr 5 med attverande bygningar, våningshus, fjøs og lagerbygning, parsellen skal vere om lag 2 daa. Det vert sett krav om avtale for vatn og avlaup, denne skal tinglysast på nytt matrikelnummer ved matrikulering av ny tomt. Det vert med heimel i same lova § 20-1 – m gjeve løyve til frådelling av parsell på om lag 1,8 daa, j.f. vedlagd kart AR5. Vilkår i vedtak frå vegmynde datert 29/05/2017 skal gjennomførast.**

---

**007/18: 129/111 - Hamre - Søknad om dispensasjon - utnyttingsgrad**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå U-grad 0,1 til BYA = 25 % for oppføring av 2-mannsbustad på gnr. 129, bnr. 111, Hamre, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 1."**

**24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, bad om vurdering sin habilitet. Osterøy Maskin AS, der sonen er dagleg leiar, stod for utbygging av tekniske anlegg i feltet. Feltet med tekniske anlegg er seinare seld til tiltakshavar.

Sigmund Faugstad, FRP, møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Siren Faugstad, FRP, bad om vurdering av sin gildskap som søster til dagleg leiar i Osterøy Maskin AS.

**AVRØYSTING - gildskap**

Ragnar J. Tyssebotn vart samrøystes kjend gild i saka. Grunngeving: Utvalet fann ikkje at det låg føre ugildskap etter fvl. § 6, bokstav a eller b, eller § 6, 2. ledd, då felt og anlegg er seld, og Osterøy Maskin AS er difor ikkje part i denne saka.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP kom tilbake til møtet - Sigmund Faugstad gjekk frå møtet - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Gildskap for Siren Tyssebotn, FRP, vart etter dette ikkje teke opp til vurdering.

-----

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **PL - 007/18 VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå U-grad 0,1 til BYA = 25 % for oppføring av 2-mannsbustad på gnr. 129, bnr. 111, Hamre, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 1."

-----

**008/18: gbnr 136/127- Søknad om dispensasjon i høve til tomteutnytting.**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune gjev ikkje dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for auka U-grad for tiltak på gnr. 136, bnr 127 frå gjeldande max U-grad på 30 % opp til 38,73 %.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

#### **29.11.2017 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Øyvind Litland, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsetjing for synfaring."

AVRØYSTING- utsetjing

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **PL - 143/17 VEDTAK:**

"Saka vert utsetjing for synfaring."

#### **24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Det vart halde synfaring for utvalet før møtet.

-----

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Osterøy kommune gjev dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for auka U-grad for tiltak på gnr. 136/127 frå gjeldande max U-grad på 30% opp til



38,73%."

#### **AVRØYSTING**

##### **Alternativ avrøysting**

Rådmannen sitt framlegg	- 4 røyster (1H,1AP,2KRF)
Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg	- 3 røyster (3FRP)

#### **PL - 008/18 VEDTAK:**

"Osterøy kommune gjev ikkje dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for auka U-grad for tiltak på gnr. 136, bnr 127 frå gjeldande max U-grad på 30 % opp til 38,73 %.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga."

---

#### **009/18: 146/108 - Reigstad - Søknad om dispensasjon - mur**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå områdeplan Valestrand reguleringsføresegn punkt 1.67 og 2.2 til oppføring av mur med maksimum høgde på 3,5 meter på gnr. 146, bnr. 108, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4, 12-7, nr. 1 og 2."

#### **24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

##### **AVRØYSTING - utsetjing**

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

#### **PL - 009/18 VEDTAK:**

"Saka vert utsett for synfaring."

---

#### **010/18: 145/7 - Nordre Reigstad - Søknad om dispensasjon for arealoverføring - klage**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Administrativt vedtak av 23.10.2017 saknr. 291/17 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

**24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Øyvind Litland, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

**AVRØYSTING - utsetjing**

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

**PL - 010/18 VEDTAK:**

"Saka vert utsett for synfaring."

---

**011/18: 145/7 Nordre Reigstad - Søknad om dispensasjon for arealoverføring**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

"Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanføresegn punkt 1.1 jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 for arealoverføring av om lag 2600 m<sup>2</sup> frå gnr. 145, bnr. 7 til gnr. 145, bnr. 105."

**24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Annbjørg B. Herland, KRF, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

**AVRØYSTING - utsetjing**

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

**PL - 011/18 VEDTAK:**

"Saka vert utsett for synfaring."

---

**012/18: Byggesak GBNR 141/29 Burkeland - Søknad om dispensasjon oppføring av bustad med integrert garasje**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 . Grunngeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Det vert ikkje gjeve dispensasjon for bygging av bustadhus på gbnr 141/29 på Burkeland.

Positivt vedtak i saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune for klagevurdering.

**24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Atle Solberg, H, gjorde slikt framlegg: "Det vert i medhald av pbl. § 19-2, jfr. § 11-6, gjeve dispensasjon for bygging av bustadhus på gnr. 141/bnr. 29 på Burkeland. Grunngeving: Parsellen ligg på eit skogvokse platå som har svært liten jordbruksverdi. Kan heller ikkje sjå at dette tiltaket er til ulempe for jordbruksdrifta i området omkring. Området rundt har spreidd bustadbygging, og denne bygningen vil gli godt inn i dette bildet."

**AVRØYSTING**

**Alternativ avrøysting**

Rådmannen sitt framlegg	-	0 røyster
Atle Solberg sitt framlegg	-	samrøystes

**PL - 012/18 VEDTAK:**

"Det vert i medhald av pbl. § 19-2, jfr. § 11-6,gjeve dispensasjon for bygging av bustadhus på gnr. 141/bnr. 29 på Burkeland. Grunngeving: Parsellen ligg på eit skogvokse platå som har svært liten jordbruksverdi. Kan heller ikkje sjå at dette tiltaket er til ulempe for jordbruksdrifta i området omkring. Området rundt har spreidd bustadbygging, og denne bygningen vil gli godt inn i dette bildet."

---

**013/18: 4/1 og 4/2 - Hauge - Søknad om forlenga dispensasjon - utgraving av Gloppemyra for deponering av massar**

## **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

"Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2 og 19-3 forlengar kommunen tidlegare mellombels dispensasjon jf. vedtak i plan- og kommunalteknisk utval 23.08.2017 saksnr. 103/17, for perioden frå og med 01.01.2018 til og med 31.12.2018, til utgraving av Gloppemyra for deponering av massar på gnr. 4, bnr. 1 og 2, Hauge, på fylgjande vilkår:

1. Driftsplan datert 29.11.2016 gjeld for tiltak på området.
2. Elles gjeld tidlegare vedtak i saka."

## **24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **PL - 013/18 VEDTAK:**

"Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2 og 19-3 forlengar kommunen tidlegare mellombels dispensasjon jf. vedtak i plan- og kommunalteknisk utval 23.08.2017 saksnr. 103/17, for perioden frå og med 01.01.2018 til og med 31.12.2018, til utgraving av Gloppemyra for deponering av massar på gnr. 4, bnr. 1 og 2, Hauge, på fylgjande vilkår:

1. Driftsplan datert 29.11.2016 gjeld for tiltak på området.
2. Elles gjeld tidlegare vedtak i saka."

---

## **014/18: 78/4 Geitrheim - Søknad om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad og oppretting av festetomt**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

"Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon til oppføring av ny fritidsbustad på om lag same stad som tidlegare fritidsbustad på gnr. 78, bnr. 4, Geitreim, jf. plan-

og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon til oppretting av ny festetomt på om lag 250 m<sup>2</sup> på gnr. 78, bnr. 4, jf. situasjonsplan datert 17.10.2017 nr. 90117156A01, jf. plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a."

#### **24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

##### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **PL - 014/18 VEDTAK:**

"Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon til oppføring av ny fritidsbustad på om lag same stad som tidlegare fritidsbustad på gnr. 78, bnr. 4, Geitreim, jf. plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon til oppretting av ny festetomt på om lag 250 m<sup>2</sup> på gnr. 78, bnr. 4, jf. situasjonsplan datert 17.10.2017 nr. 90117156A01, jf. plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a."

---

#### **015/18: Byggesak GBNR 60/24 - Vatile - Søknad om løyve til tiltak - dispensasjon foroppføring av mur**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

###### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. §§1-8 og 11-6.

Det vert gjeve dispensasjon for bygging av mur på gbnr 60/24 på Votlo, med dei vilkår som går fram av rådmannen si vurdering i saksutgreiinga.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune for klagevurdering.

#### **24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

##### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**PL - 015/18 VEDTAK:**

"Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. §§1-8 og 11-6.

Det vert gjeve dispensasjon for bygging av mur på gbnr 60/24 på Votlo, med dei vilkår som går fram av rådmannen si vurdering i saksutgreiinga.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune for klagevurdering."

-----  
**016/18: 53/26 - Søknad om løyve til tiltak - Arkitektonisk utforming og visuelle kvalitetar ved utforming av ny einebustad jf. pbl §§ 29-1 og 29-2**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

1. Etter kommunen sitt skjønn har omsøkt bygning funksjonell arkitektonisk utforming som tilfredsstillar krav til bustadhus, jf. plan- og bygningslova §29-1.
2. Med god bruk av material og fargeval vil ikkje ny bygningstype vesentleg endre inntrykket og opplevinga av det eksisterande bygningsmiljøet og lokal byggeskikk i kulturlandskapet. Det vert på bakgrunn av dette sett vilkår om at huset skal oppførast med fasadefarge som går att i området og med naturmateriale på tak som tre eller naturstein, jf. plan- og bygningslova §§29-1 og 29-2 og kommuneplanføresegn punkt 1.6.

**24.01.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Ragnar J. Tysebotn, FRP, tok opp spørsmål om vurdering av habilitet for Øyvind Litland, AP, på nytt. Øyvind Litland, AP, tok ikkje del i møtet ved avgjerd om habilitet - Sigmund Faugstad, FRP, møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

-----  
Det var pause i drøftingane frå kl. 14.20 - 14.30 med gruppemøte for FRP.

-----  
Atle Solberg, H, viste til fylkesmannen si vurdering av habiliteten for Øyvind Litland i, jfr. brev av 17.11.17 frå fylkesmannen.

AVRØYSTING - gildskap

Øyvind Litland, AP, vart kjend ugild med 4 røyster (4FRP) mot 3 røyster (1H,2KRF)

-----  
Atle Solberg, H, gjorde slikt framlegg om endring i framlegg til vedtak: 1.Etter kommunen sitt skjønn har omsøkt bygning funksjonell arkitektonisk utforming som tilfredsstillar krav til bustadhus, jf. plan- og bygningslova §29-1.

2. Med god bruk av material og fargeval vil ikkje ny bygningstype vesentleg endre inntrykket og

opplevinga av det eksisterande bygningsmiljøet og lokal byggeskikk i kulturlandskapet."

Siren Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg til vedtak: "1. Etter kommunen sitt skjønn har omsøkt bygning funksjonell utforming som tilfredsstillende krav til bustadhus, jfr. plan- og bygningslova § 29-1. 2. Ny bygningstype vil ikkje endre inntrykket og opplevinga av det eksisterande bygningsmiljøet og lokal byggeskikk i kulturlandskapet, jfr. plan- og bygningslova §§ 29-1 og 29-2 og kommuneplanføresegn punkt 1.6. Byggeløyve/oppstartsløyve vert med dette gjeve."

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg - 0 røyster

#### **Alternativ avrøysting**

Atle Solberg sitt framlegg - 3 røyster (1H,2KRF)

FRP sitt framlegg - 4 røyster (4FRP)

-----

#### *Protokolltilførsel:*

Kim A. Hartveit, FRP, fekk gje slik protokolltilførsel: "Grunngjeving for å kjenne Øyvind Litland inhabil: Det er over lang tid vore kjent at det er ei personkonflikt mellom søkjar og Litland. Det er også kome inhabilitetsinnsigelse frå søkjar om habiliteten til Litland og konflikt."

#### **PL - 016/18 VEDTAK:**

"1. Etter kommunen sitt skjønn har omsøkt bygning funksjonell utforming som tilfredsstillende krav til bustadhus, jfr. plan- og bygningslova § 29-1.

2. Ny bygningstype vil ikkje endre inntrykket og opplevinga av det eksisterande bygningsmiljøet og lokal byggeskikk i kulturlandskapet, jfr. plan- og bygningslova §§ 29-1 og 29-2 og kommuneplanføresegn punkt 1.6. Byggeløyve/oppstartsløyve vert med dette gjeve."

-----

#### **017/18: 3. gongs handsaming - kommunedelplan for sjø og strandsone**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Osterøy kommune vedtek Kommunedelplan for sjø og strandsone, PlanID 12532014007, med føresegner (16.01.18), plankart (16.01.18) og planskildring (08.11.17) og tilhøyrande vedlegg i medhald av plan- og bygningslova § 11-15.
2. Osterøy kommune opphevar Kommunedelplan for kystsona 1997-2007, PlanID 20010101, i medhald av plan- og bygningslova § 11-17.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke, men med følgjande endring: område for naust, brygge og flytebrygge på Olsnes vert teke inn att i planen. Grunngeving: Kommunen og fylkesmannen med fleire har vore på synfaring og synfart feil område. Bilete i saksframlegg er og frå feil område. Difor er fylkesmannen si motsegn tufta på feil grunnlag."

#### **AVRØYSTING**

##### **Alternativ avrøysting**

Rådmannen sitt framlegg	-	4 røyster (1H,1AP,2KRF)
FRP sitt framlegg	-	3 røyster (3FRP)

#### **PL - 017/18 VEDTAK:**

Innstilling til vedtak:

1. **Osterøy kommune vedtek Kommunedelplan for sjø og strandsone, PlanID 12532014007, med føreseger (16.01.18), plankart (16.01.18) og planskildring (08.11.17) og tilhøyrande vedlegg i medhald av plan- og bygningslova § 11-15.**
2. **Osterøy kommune opphevar Kommunedelplan for kystsona 1997-2007, PlanID 20010101, i medhald av plan- og bygningslova § 11-17.**

---

#### **018/18: Valestrand - Søknad om ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan for Rundhovde**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. **Osterøy kommune vedtek å ekspropriere naudsynt grunn og rettar for utbetring av Vågenessvingen med grøftar og fyllingar i samsvar med områdeplan for Valestrand.**
2. **Osterøy kommune vedtek å ekspropriere rett til mellombels rigg- og anleggsareal i samsvar med områdeplan.**
3. **Rådmannen gis mynde til å begjære skjønn og eventuelt overskjønn for fastsetting av erstatning for inngrepet.**
4. **Rådmannen gis mynde til å følge opp eventuell klage på vedtaket ovanfor klageinstansen.**
5. **Rådmannen gis mynde til å søke om og gjennomføre forhåndstiltreding.**
6. **Rådmannen gis mynde til gjennomføre ekspropriasjonen med bistand frå advokat**
7. **Vedtak om ekspropriasjon gjerast på føresetnad av at dei faktiske kostnadar knytta til gjennomføring av ekspropriasjonen dekkes av utbyggjar.**



Siren Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Rådmannen sitt framlegg vert vedteke under følgjande føresetnad: I samband med utbetring av Vågenessvingen må ny tilkomst til gnr. 135/bnr. 25 og 28 koplast saman med ny avkøyrslveg i Vågenessvingen til gnr. 135/bnr. 97 med fleire slik som vedteke av heradsstyret i områdeplanen. jfr. punkt 2.8 siste ledd. Dette skal vera sikra opparbeidd før vidare punkt kan iverksetjast. Tiltak kan seinast vere ferdigstilt saman med ny avkøyrslveg til gnr. 135/bnr. 97 med fleire."

-----  
Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 15.15 - kl. 15.25 slik at rådmannen kunne få avklart nærare med sakshandsamar.

-----  
**PRØVERØYSTING**

Siren Tyssebotn sitt framlegg - tilrådd med 5 røyster (1H,1AP,3FRP) mot 2 røyster (2KRF)

**AVRØYSTING - endeleg**

**Alternativ avrøysting**

Rådmannen sitt framlegg - 2 røyster (2KRF)

Siren Tyssebotn sitt framlegg - 5 røyster (1H,3FRP,1AP)

**PL - 018/18 VEDTAK:**

Utvalet si innstilling til vedtak:

1. **Osterøy kommune vedtek å ekspropriere naudsynt grunn og rettar for utbetring av Vågenessvingen med grøftar og fyllingar i samsvar med områdeplan for Valestrand.**
2. **Osterøy kommune vedtek å ekspropriere rett til mellombels rigg- og anleggsareal i samsvar med områdeplan.**
3. **Rådmannen gis mynde til å begjære skjønn og eventuelt overskjønn for fastsetting av erstatning for inngrepet.**
4. **Rådmannen gis mynde til å følge opp eventuell klage på vedtaket ovanfor klageinstansen.**
5. **Rådmannen gis mynde til å søke om og gjennomføre forhåndstiltreding.**
6. **Rådmannen gis mynde til gjennomføre ekspropriasjonen med bistand frå advokat**
7. **Vedtak om ekspropriasjon gjerast på føresetnad av at dei faktiske kostnadar knytta til gjennomføring av ekspropriasjonen dekkes av utbyggjar.**

Rådmannen sitt framlegg vert vedteke under følgjande føresetnad: I samband med utbetring av Vågenessvingen må ny tilkomst til gnr. 135/bnr. 25 og 28 koplast saman med ny avkøyrslveg i Vågenessvingen til gnr. 135/bnr. 97 med fleire slik som vedteke av heradsstyret i områdeplanen. jfr. punkt 2.8 siste ledd. Dette skal vera sikra opparbeidd før vidare punkt kan iverksetjast. Tiltak kan seinast vere ferdigstilt saman med ny avkøyrslveg til gnr. 135/bnr. 97 med fleire."

-----  
**Andre saker/spørsmål**

Anbjørg B. Herland, KRF, hadde stilt skriftlege spørsmål til rådmannen knytt til planarbeid og oppfølging/gjennomføring av planane, herunder Trafikksikringsplanen og framdrifta i høve til vedteken planstrategi.

Rådmannen bad om å få koma tilbake med svar på spørsmåla i heradsstyret, då spørsmåla delvis gjeld overordna planar.

Kim A. Hartveit, FRP, viste til tidlegare vedtak i utvalet om opning av stengd gate i Lonevåg sentrum, eventuelt som einvegskjørt gate, for å få ei sikrare trafikkavvikling i sentrum.

Rådmannen kjem tilbake med svar i eit seinare møte.

-----

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknyting til spørsmål og svar.

-----

Til å skriva under møteprotokollen saman med utvalsleiar vart desse valde: Annbjørg B. Herland og Kim Andre Hartveit

Lonevåg, 25.01.18

Bente Skjerping  
Utvalssekretær

-----

Atle Solberg  
utvalsleiar

-----

Annbjørg Bysheim Herland

-----

Kim Andre Hartveit